



Radøy Kommune - Kjersti Flatråker

Dato: 04.03.2015

Vår ref.: 2015/2465-2

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.:14/2666 – 15/2249

## **Varsel om synfaring - Delingssak gbnr 28/9 Kvalheim nedre - ny grunneigedom for heilårsbustad - dispensasjon frå LNF - oversending for uttale**

Vi viser til brev datert 24.02.2015 med søknad om dispensasjon. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men det er registrert to steinalderbuplasser i nærområda (Askeladden id. 161155 og 161156). Det aktuelle området har topografiske trekk som gjer at potensialet for funn frå steinalder er tilstade. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Kostnader i samband med ei eventuell registrering vil verte dekkja av Hordaland fylkeskommune. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*